

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

7.

Fylke:

N. Trøndelag.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad:

Beidsted.

Emne:

Skav

Bygdelag:

Sør. Beidstad.

Oppskr. av:

Olaf K. Elnan

Gard:

Elnan

(adresse):

Elnan, Skeinkjer.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

Delvis.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Her vart det kalla "hjelpesør", når dei tok til å bruke det moko tidleg på vinteren. Dermed kunne ein spare på høiet, så dette rakk lenger utover våren. Ble det likevel smått med høi, og dette heller ikkje var å få kjøpt, ble det kalla "nødsør". Ein hadde ikkje da vesentlig anna å føre huskapen med (nødsøring).
2. "Markesør" vart her nytta som sams namn på føremne som vart hente frå utmarka - skogen - . Bork, lauv og små kvist.
3. Eg skov i går.  
Eg sker i dag.  
Men i morgo skal eg skåva.
4. At skav var nytta her, hugsar eg frå mi barndamstid. Vi kalla det skav, og det var berre til hjelp i van-  
skelege år.
5. Av dei treslag som veks her, var det rogn og asp som var dei vanlege til skav. Av desse var rogn den beste. Fin fjerrubork kunne nok brukast,

men meire sjelden. Hegg mest som småkvist.

6. Kvi.

7. Kvi, eit slikt rim kjemmer vi ikkje her.

8. Det var mest kvi som fekk skar; men  
og geit og sau. Skavet vart blanda sa-  
man med anna "raskefjör", som höi-  
frö på lemman, frisk tang, samt  
agner og småhalm.

Skar av older var like brukt, - dyra vit-  
te ikkje eie det.

9. Det vart sagt at det vart meire römme  
når kyrne fekk skar, men om dette  
var "berre kvi" veit ein ikkje. Der-  
imot veit ein med visse å kenne  
segja at skar av asp sette ein "beiske"  
smak på både römme og melk.

10. Kins erud kenne ein nok dre til skogs,  
for å hente stranger av rogn, asp og selje  
til skaving, men samstundes fekk ein  
og ved til huse.

Skavveden - som var av smågran -  
vart riktignok avpussa borken, men  
det var ikke vanleg at denne vart nyt-  
ta til fjör.

11. Noko sers nemning har ein ikkje hørt.

12. Skavved.

13. Gjenningsordet "marka" kjemmer ein ikkje.  
Derimot sa ein: "å sanker fjör", å "la  
läuv", eller å "räppå läuv".

14. Skavveden vart henta frå skogen på  
den tid når skavet hengtes til krea-  
törne; og dette var jo om vinteren  
eller om våren. At henting av skavved  
skulle vere særleg svert og hardt arbeid

har ein ikkje hørt, og heller ikkje at karfolka skulle i skogen på gasteande hjarte og hente skav på langfredag.

15. Her heime heldt dei til inne i stova når det var kalt ute. Tellers var dei i vedskjulet eller i fjøset.

16. Reidskapen dei nytta til å skave med, var enten „bandkniv“ eller alm. tollekniv. Bandkniven - som hadde handtak på begge ender vart nytta til lange stranger, mens tollekniven vart nytta til korte kjipper eller lomper. Disse kjipper var kappet i passende vedlengde for å legge i ovnen eller på gruva. Disse kjippene kaldtes „skjevilla“.

17. Har ikkje hørt eller sett, at dei på desse kanter nytta særskilde innretningar ved skavinga, slik som nevnt i spørsmål. Men det er ikkje utruelig at dei lange strangane vart lagt på eit par brakkar, når skavinga skulle saka til og at skavsaren satte seg på dei.

18. Hverken skavljå eller skavhal har ein hørt omtala i samband med dette.

19. Når dei, som her brukar tollekniven til å skave med, har man kjippen i den eine handa og kniven i den andre. Annerleis blir det når ein skal ha borken av langre stranger. Etter at strangene var lagt i passe høgd, sette ein seg overskrens på strangen og med begge hendene brukte ein bandkniven.

20. Lange stranger <sup>kaldtes</sup> skavved. De korte „skjevilla“.

21. Borken, som var nokrø stutt, kaldtes skav.
22. Det var berre av forholdsvis tunne tre ein tok skav. På store stokkar var borken for grov og hard. Lengde på slangane var så ymse, men svært ofte var dei kappne i vanleg breumvedlengde.
23. Kjeppane var kalla „skjevilla“ kein „skjevill“. Fleire „skjevilla“. Andre namn høyrte ein ikkje.
24. Skavet måtte helst vera tunkt og ikkje langt. Det var heile borken inn til treet som vart teke.
25. Skjevillan vart nytta til ved i kakkelovnen og på gruva — til opvarming likevel som til bakkstevd. Disse skjevillar vart gjerne stablet opp i vedskulet til tørk, og det seggest at det vart mykje god ved.
26. Her nyttar ein ikkje skav lenger. Det er vel no 50-60 år sidan det var brukt.

Olaf E. Ehnar.